



Marius Tryggve Giertsen
Nordsundet 20
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6146 - 23/71909

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
14.09.2023

Førespurnad om vidare saksgang og avslutting av klage - gbnr 326/79 Sundet

Tiltak: Flytebrygge
Byggjestad: Gbnr: 326/79
Tiltakshavar: Marius Tryggve Giertsen
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar epost datert 30.08.2023. Vi kan ikkje sjå at dette er ei klage på avvisingsvedtak datert 01.02.2023.

Kommunen forstår det slik at de har sendt inn ein ny søknad om etablering av felles flytebrygge på eigedom gbnr 326/79. Med omsyn til dokumentasjon som de har levert inn 30.08.2023 ønsker de at vi handsamar søknad om etablering av flytebrygge? Vi gjer i så tilfelle merksam på at dette vert å rekne som ein ny søknad. De må sende inn komplett søknadsdokumentasjon på tiltaket, dette omfattar evt. dispensasjon/fritak frå plankrav, ny nabovarsling, dokumentasjon som syner at dette faktisk er eit fellesanlegg slik som de skriv, kven er anlegget felles for?

Det bes om attendemelding på om de ønsker søknad motteke 30.08.2023 handsama.

Søknad med avvisingsvedtak datert 01.02.2023 er avslutta, det kan ikkje sendast inn oppdaterte opplysningar i tilknytning til dette vedtaket. Nye opplysningar vert å sjå på som ny søknad. Dette betyr at faktura for avvist vedtak skal inndrivast på vanleg måte. Det vert nytt gebyr for handsaming av ny søknad.

Frist for å stadfeste om epost datert 30.08.2023 er ny søknad samt å sende inn etterspurd dokumentasjon vert sett til 04.10.2023.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden. I dette høvet, med den dokumentasjon som vi har motteke 30.08.2023 medfører det at du vil få eit nytt avvisingsvedtak med tilhøyrande gebyr.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Marius Tryggve Giertsen

Nordsundet 20

5919

FREKHAUG